

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Lauving nr. 9.

Fylke: Vest-Agder

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Gyland

Emne: Lauving

Bygdelag: Nuland

Oppskr. av: Lars Fr. Nuland.  
fødd 1882.

Gard: Nuland

(adresse): Nuland p.å.

G.nr. 78. Br.nr. 5.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. eigi røynsle
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke) :

## SVAR

Lauvinga er nærpa slutt no, men den var vanleg i mi fyrste barndomstid i 1890 åra.

Det var rekna som koldt for til småkretur, sau og geit og far lika godt noe ospelauv til hesten og.

Når hesten fekk lauv, var det godt for, Sjøl, d.v.s. det vaks opp kjøtt inan for tennerne, so dei hadde vondt for å kunna eta høy,. Dei skar det burt med knivar eller skjersaks.

1) Me lauver litt endå, serleg i år det er lite høy. lauvet vert ikkje rispa av men hogd med sigd.

2) Ein nytta lauv av Bjørk, osp, raun, ask, Men det var mest bjørk, då det var mest almindeleg å få tak i. ja, die tok også orr, men rekna det ikkje så godt.

Kring på gardane var det mange kyllingstuver av bjørk Desse kom fram når ein hogde toppen av ungbjørkorne so fekk dei krune og so tok ein greinarne når dei vaks til.. Det vanlege namnet på dette arbeid var Lauving, og det vanlegaste var å lauva straks etter slåtten, ialfall fyrr lauvet tok til å gulna.

men visst ein måtte hogga lauvtre på ei anna tid, tok ein lauvet då og. Men ein rekna på, at var det tidleg på sumaren, var lauvet meir harskt, so kreturet lika det mindre.

3) Når ein lauva måtte ein ha øks og sigd og ein liten stige, Laustien, med seg. husbonden bestemte kvar det skulde lauvast, det var helst nær heimen, det stod vanleg mange kyllingstuver kring i utkanrtane av heimejordet, som vart kylla og teken lauvet av etter tur, når det vaks til. Manen sette så op stigen og hogde ned greiner som det var godt lauv på, kona, borna og tenarane hogde kvistrene av greinerne og la det i passande mengdar til eit lauskjær.

## Lauving.2.

Ein tok bare dei tynnaste kvistar opp til ein finger tykke,, Det som so vart tilovers vart nytta som ved og vart kalla, Lauved, Ein måtte bare lauva i gott ver, kom det regn på lauvet, blei det gult, og tapa seg straks.

Ein lika å setja lauvskjervane opp mot sola og turka dei litt fyrr ei hadde dei i hus, Ein brukte å setja lauv oppe høyet i udjordlørne, Når det hadde gått ei tid siden høyet var havt inn i løa, var det sege saman og ein lika å fylla ut dette tomromet med lauv, so hadde det mindre plass for foksnø om vinteren.

Når ein hadde sett inn lauv kringom i løer og svaler stod det opreist lag på lag til det hadde turka, so kunde ein ta det att og leggja det ned i ferg.d.v.s. trykkja det saman so det tok mindre plass.

Visst det var gode hellarar i nærleiken, sette ein inn lauvet der til tur, Det er fleire slike, Lauvhedlara, krinom på gardane. Kvistarne la ein alle same vegen i kjervet og bunta dei saman som kornband.

Eg trur helst dei lika turka lauvet i sol og vind.

Når det var passande Lauvind, var trei doggfrie i lauvet og gode å hausta

5) Lauvstakkar er ikkje kjennt her.

Ein reknar lauvskjervane i tjug. og hadde overslag over kormange tjuv og hundre ein hadde lauva.

6.) var det lauva og innsett i løor som stod i utmarka kørde ein det heim på vinterføre .

7) Ein tok helst lauv nær heima, men var det godt lauv i utmarka og ein hadde stunder til det, so lauva ein også der. Arbeidet vart helst so at kvinfolka hogde av o la i passande ruvor til kjerv, manne hogde ned greinerne , bannt saman kjervane og bar tilrettes.

8) er svara på ovanfor.

9. Ask skulde vesa besst, men det var skjeldan.

Osp var rekna for betre enn bjørk, men det sissste var mest nytta.

10) Risping er lite kjend og nytta.

11) Felles lauving lite brukt.

12) fell burt.

13) barna var med sosnart dei kunde.

B. Å nytta nedfalle lauv er ikkje kjennd her .